

**Karmøy kommune**  
Pb. 167

4291 Kopervik

Dato: 10.10.2022  
Saksnr.: 2022/52640  
Dok.nr.: 6  
Saksbehandlar:  
Angunn Skeiseid

## **Karmøy kommune - gnr 28 bnr 2 og gnr 29 bnr 5 - dispensasjon – oppføring av ny bustad og riving av eksisterande bustad - fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om riving av eksisterande bustad på gnr 28 bnr 2 og oppføring av ny bustad på gnr 29 bnr 5 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4. Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
rådgjevar

Kopi til:  
Statsforvalteren i Rogaland

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*